

**Alver kommune**  
Byggesak

F-01

Eikangervåg, 04.01.2022

## **Følgerev / redegjøreelse byggesøknad gbnr. 10/16 – Sjurneset**

### **Tiltaket**

Eigedomen ligg på Stranda i Alver kommune og er omfatta av reguleringsplanen for Sjurneset med planID 1263-20150.

Det vert her søkt om oppføring av 2 dobbel og 4 enkle naust innafor området BUN2. Ein søker om alle nausta samla i denne rammesøknaden, etter godkjent byggesøknad vil det verta søkt om seksjonering i tråd med reguleringsplan.

Søknaden omfatter berre sjølv byggearbeidet ved oppføring av nausta ettersom opparbeiding av tilkomst, parkering og byggjegrund allereie er utført. Det er gitt midlertidig brukstillatesel for den delen av arbeidet i sak 1200/21, sjå vedlegg I01.

### **Nabotilhøve / merknader**

Tiltaket er nabovarsla etter reglane i plan- og bygningsloven. Det er ikkje mottatt merknader i saka.

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket er etter vår vurdering prosjektert og teikna med gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i forhold til sin funksjon. Tiltaket er teikna i ein tradisjonell stil og passar godt inn i omgjevnaden. Det har etter vår vurdering ei god utforming i forhold til både plassering, bygde og naturlege omgjevnader.

### **Plassering**

Plassering er vist i vedlagte situasjonsplan D01 med tilhøyrande terrengsnitt i D02.

OK golv ligg på omlag +2,7m medan topp møne er på omlag +7,5m. Mønehøgde målt frå planert terreng er omlag 5,0 meter. Bygningen er plassert innanfor byggegrense.

Ein gjer merksam på at eigar av gbnr. 10/47 har oppretta sak 21/7949 og sak 21/224 hjå Alver kommune. Desse sakene gjeldt oppføring av eige naust samt justering av grense mellom 10/47 og 10/16. Tiltakshavar på 10/47 har informert oss om at dei har inngått avtale med kommunen om at grensejustering skal utførast *parallelt* med eller *etter* at nausta er oppført.

# **KÅLÅS BYGG AS**

Tlf: 56 35 33 70 – [www.kalasbygg.no](http://www.kalasbygg.no)



Det er gitt samtykke til plassering / avstand mot 10/47 i vedlegg Q02 då det er naudsynt også etter at grense er justert.

### Utnyttingsgrad

Nausta er plassert innafør byggegrense / formålsgrense i plan og har ei u-grad på 80,1 % BRA. (BUN2 = 387.7m<sup>2</sup>) og (BRA NØST = 310.6m<sup>2</sup>) = %-BRA = 80.1%

### Veg / Tilkomst

Tilkomstveg og parkering er etablert, det er gjeve bruksløyve i sak 1200/21, sjå vedlegg I-01.

### Tiltaksklasse og ansvarsrettar

Etter vurdering av funksjonar og fagområde i tiltaket vil ein leggje alt i tiltaksklasse 1. Ansvarsrettar vert supplert for aktuelle fagområder i forbindelse med søknad om IG.

### Oppsummering og vurdering

Det vert søkt om oppføring av naust i tråd med reguleringsplanen for område. Tilkomstveg, parkering og grunnarbeid er utført og søknaden her omfattar kun oppføring av sjølve nausta innafør området BUN2 i planen.

Omsøkt tiltak har etter vårt syn gode visuelle kvalitetar og er fullt ut i tråd med krav gitt i reguleringsplanen og krav gitt i eller i medhald av plan og bygningsloven.

Me vonar snarleg og positivt svar, skulle det vera behov for avklaringar er det velkomne til å ta kontakt på mail eller telefon.

Med vennleg helsing

**Kålås Bygg AS**



Lars A. Hagesæter

Ansvarleg søkjar

**KÅLÅS BYGG AS**

Tlf: 56 35 33 70 – [www.kalasbygg.no](http://www.kalasbygg.no)

